

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 5 - oktober 2011 43. årg.



Velkommen til

Allehelgensprogram

i Time kyrkje s. 12



En flott måte å
starta helga på!
Side 4



Klart for nye
konfirmanter
Side 6



Familien Becker og
jødene i Rogaland
Side 8



Hilsen fra
Nankai kirke
Side 9



I teneste på Undheim
Side 10



Laurdagstreff
på Fotland
Side 11

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret	tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00	
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no	
telefaks 51 77 03 60	
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne	
Prost: Kjell Børge Tjemsland	tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård	tlf. 911 57 105
Prostiprest: Gunnar Frøyland	tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland	tlf. 51 48 40 69
Diakon: Torild Egeland Reime	tlf. 911 81 696
Sekretær Bryne sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:	
Hanne Brit Sandsmark	tlf. 99 62 61 57
Sekretær: Kari W. Ødegaard	tlf. 51 77 03 77
Kyrkjevevje: Olav Vegard Søyland	tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase	tlf 51 48 34 82
Prosjektleiar trusopplæring:	
Jorunn M. Ueland	tlf. 51 48 85 10
Time	
Organist: Oddny Underhaug	tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Soknerådsleiar: Amund Undheim	tlf. 51 48 43 09
Klokkar: Sofie Braut	
Time kyrkjegard	tlf. 51 48 32 84
Bryne	
Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad	tlf. 412 72 862
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Organist: Per Olav Egeland	tlf. 51 48 66 68
Klokkar: Leif Andenes	tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg	tlf. 938 31 623
Barne- og ungdomsarbeidar:	
Jorunn Pettersen	tlf. 51 77 03 72
Lye forsamlingshus	
Heimeside http://www.lyeforsarnlingshus.no	
Ungdomsprest: Ole Tørring	tlf. 951 78 971
Leiar forsamlingsstyret:	
Vegard Hanssen	tlf. 404 01 214
Undheim	
Prest: Per Børge Hillestad	tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim	tlf. 51 48 45 55
Soknerådsleiar:	
Kåre Sigurd Undheim	tlf. 51 48 43 07
Ungdomsarbeidarar:	
Synnøve Høyvik	tlf.41 45 03 95
Runa Aarrestad	tlf. 90 76 02 32
Undheim kapell	tlf. 51 48 68 20
Besøk vår nettside: www.time-kyrkja.no	
e-post: helgedagen@time-kyrkja.n	

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout: Gabriel Tengsareid og Jærprint. Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589.

Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til **gabriel.tengsareid@lyse.net** og må vera oss i hende innan **11. november**. Neste nr. kjem ut ca. 1. desember. Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen.

Til ettertanke

Haust

Eg skal røpa ein familieløyndom. Kona mi er ikkje glad i hausten. Særleg den tidlege delen av årstida, når sommaren må gi tapt og mørket kjem sigande stadig tidlegare om kvelden. Det tykkjer ho er trist. Når det milde sommarregnet vert endra til sur, kald og sorpeskvettande trøstesløyse, då tykkjer ho livet kunne vist seg frå ei betre side. Ingen eg kjenner kan seia "Nå er alt hausten komen" på ein så trist måte. For å oppmuntra litt, legg me i heimen hausten til sides ei stund. Me erstattar ordet haust med "seinsommar". Seinsommar har ein dâm av varme vindar, låg sol og klår luft. Det betrar ikkje veret, men det hjelper oss til å tenkja gode tankar og minnast dagar då naturen var ung, kvelden var lys og livet leika.

Eg er nokså samd med kona mi i dette, som i mykje anna. Etter som åra går, og ein sjølv passerer middagshøgda, står årstidene og omskiftet i naturen meir og meir fram som eit bilete på livet. Og då er det våren med draumar og planar for framtida, og sommaren med sine lange, lyse dagar med overskot og mot, me lengtar og søkjer etter, ikkje hausten.

Men eg trur det er litt som med kona mi sitt forhold til september, det er overgangen som er vanskeleg. Når hausten er skikkeleg på plass, når han har fått sett seg, og me har forsona oss med han, då er det så mykje lettare å kunne gle seg over alt det fine han gir. Aldri elles i året er lufta

klarare og fargane så talrike. Og grunnen til den fine fargepaletten er at naturen trekkjer næring og kraft tilbake for å gjera seg klar til ein ny vår.

Kanskje er det ein grunn til at pensjonistar ofte er blidare og meir tilfredse enn me som bare nærmar oss den alderen er. For eit langt, levd liv har stor verdi, ikkje bare for ein sjølve, men for dei ein ferdast gjennom livet saman med. Evna til å sjå mønster i livsveven og til å tolka samanhengar ein ikkje såg i yngre dagar, høyrer alderdomen til. Og ikkje minst evna til å forsona seg med at ting nå ein gong vart som dei vart. Då skal ein få lov å køyra livet i ei rolegare fil og gle seg over opplevingar og samvær med dei ein er glade i. Mange opplever dette som den rikaste delen av livet. The best is yet to come.

Så har Gud sagt at når livet ein dag tar slutt, oppstår livet på nytt. Då inviterer han alle inn til evig samvere med seg, og denne nye våren tar aldri slutt. Det er det mest fantastiske å gle seg over. The best is yet to come.

God haust!

Olav Vegard Søyland



Olav Vegard Søyland

Mi Salme

KJÆRE GUD, NÅR EG BED

1. *Kjære Gud, når eg bed, Lat min tanke kvile i fred
Frå alt stress i verda omkring Og all uro for daglege ting.
Lat din kjærleik få trengja seg inn Slik at han kan forandre mitt sinn.
Lat oss alle som trur på ditt ord Vera saman i bøn for vår jord.*

2. *Hjelp meg, Gud, til å gi Både pengar, arbeid og tid
I den tenesta der eg er sett, Slik at eg kan forvalte den rett.
Gi meg kraft til å dele mitt brød Med dei menneska som er i nød.
Hjelp meg søkje fornying og fred. Høyr meg, kjære Gud, når eg bed.*

3. *Takk for frelse og for fred. Når i Jesu navn eg får be.
Herre lær meg den vegen å gå: At eg alltid din nåde kan få.
Og eg veit at ein dag er eg fri Som eg aldri her nede kan bli.
Når all vondskap og nød er forbi, Evig glede og fred vil du gi.*

T: V. 1 R. Carmichael omkr 1970, v. 2 A. Myskja 1974, v. 3 ukjend forfattar
M: R. Carmichael



Johanna Lende.
Går i 10.klasse på Tryggheim ungdomskule.

14 år gammal blei ho vinnar av kalvemønstringsklassen for barn over 12 år.

Johanna fortel:

Ein gong då eg var liten var søskenbarnet mitt og eg i lag på besøk hjå mormor. Me ville at mormor skulle spela ein song me kunne syngja til. Mormor spelte songen "Kjære Gud når eg bed" nokre gonger, og me byrja etterkvart å syngja med.

Slik lærde dei songen som har blitt kjær for Johanna. Dette var ei oppleving som og ga Johanna lyst til å byrja på Kulturskulen for der å læra og spela songar sjølv. Og i Kulturskulen går Johanna framleis.

OU

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Gi til NMS – få skattefradrag!



**Det Norske
Misjonsselskap**

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no





Engasjert og sveitt leiar Kjellaug Wold!



Kort andakt på "tjukkassen"



Ungdoms - KRIK med sine leiarar



- Ein flott måte å starta helga på!

Ja, det meiner KRIK - leiar Kjellaug Wold på Lye.

Helgedagen fekk vera med på samling i Lyehallen ein fredagskveld i september. KRIK tyder Kristen Idrettskontakt.

Denne kvelden var det Jr. - KRIK som samlast først. Dei går i 5. – 7. klasse, og kjem frå både Lye og Vestly. Kjellaug seier at dei er velkomne frå alle krinsar, og her er plass til fleire.

Tempoet er stort ute på golvet i den romslege hallen, og dei driv med ymse leikar og spel, ofte med populær musikk til.

- Dei er ein stabil gjeng, seier leiaren, - mest gutar. Midt i aktiviteten blir alle bedne om å samla seg på "tjukkassen", den tjukke matta, og alle er raske på plass! Ein av dei unge leiarane har så ein kort andakt, avslutta med Fadervår, og i ein fart er alle i gang att.

- Kvifor er du med her? spør eg ein av ungdommane. Då får eg vita at denne karen har vore med i tre år, og det var broren som fekk han med. Leiarane fortel at dei orienterer om KRIK på barne- og ungdomsskulane, og elles verkar nok "jungeltelegrafen" her også. Plakatar hjelper òg til med å orientera om KRIK - kveldane.

Hauptprogrammet (sjå også www.krik.lye.no) viser at ungdommane frå 8. – 10. klasse møtest kvar fredag, medan juniorane og dei frå vidaregåande skule kjem saman annankvar fredag. Dei eldste ungdommane kjem også frå Bryne, og dei frå vidaregåande skule kjem mellom anna frå Tryggheim og andre stader på Jæren. Her er altså tre grupper: Junior (5. - 7. kl.), ungdom (8. - 10. kl.) og vidaregåande skule. Fredagskveldane er KRIK åleine om tilbodet på Lye, men merkar gjerne noko konkurranse frå TV-program som t.d. Idol.

"Fredagskvelden" heiter også tilbodet på Forsamlingshuset på Lye. - Dit kan

ungdommane gå etter KRIK – samlinga, og samarbeidet mellom KRIK og Forsamlingshuset er veldig bra, fortel leiarane.

Nytt av året er at KRIK Lye også har arrangert fotballcup. Den gjekk føre seg i idrettshallen på Lye ein laurdag sist vår. 18 lag var med dette første året, og med 200 i aktivitet som deltakarar, tilskodarar eller frivillige hjelparar. Det er to grupper: under og over 16 år, og laga må vera blanda. Dei satsar friskt på at cupen skal veksa seg større, med fleire deltakarar og gjerne over ei heil helg.

KRIK – leiarane kjem også frå Lye. Mange har sjølve starta som ivrige deltakarar i KRIK i 5. klasse, og har halde fram til dei nå har vorte leiarar. Ein har til og med komme langt i teologistudiet i Stavanger, og er framleis med! Foreldre ser og sitt ansvar for eit godt tilbod til ungdommane, og dei støttar godt opp.

Sveittefaktoren er høg på samlinga! Det same ser trivselen ut til å vera, mange gode smil å sjå. Og så byggjer ein kvarandre opp på ein fin måte: Den litt nervøse måten: Den litt nervøse andak-

tshaldaren får applaus etterpå, og det same får utsendinga frå Helgedagen etter foto - økta!

Inspirerende å sjå slike engasjerte og varme leiarar! Det får gode ringverknader til dei unge på Lye!

Ungdommar på Lye og elles i Time: Lyehallen er staden på fredagskveldar!

Klikk dykk inn på www.krik.lye.no

Tekst og foto: LHH

Ein jobb etter mitt hjarta

Torild er oppvaksen på Undheim, nærare bestemt på Årrestad. Sjølv om ho nå bur på Nærbø, er ho nok framleis kjend av mange Time-buar. Torild voks opp som nummer tre i ein syskenflokk på sju heime hjå foreldra Bergit og Stein Egeland. Ho seier ho hadde ein trygg og god oppvekst, og at ho gjennom oppveksten fekk med seg mange positive verdiar som har prega henne seinare.

Er det særlege opplevingar eller aktivitetar som var viktige for deg i oppveksten?

Fellesskapet og miljøet rundt kapellet var sentralt. For meg var song og musikk den store interessen. Me var 8 – 10 stk. som song og spelte saman i "Gruppå". Dette var veldig givande. Me reiste ein del rundt og fekk oppleva mykje, og gruppa vart ein plattform som også var viktig for å bevare kristentrua.

Etter at ho hadde passert 40, vart Torild student ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar på Nærland. Grunnfag i handlingskompetanse ga mot og interesse til å gå laus på ei høgskuleutdanning, og i 2006 var ho ferdig utdanna sosionom. Størstedelen av tida etter dette har ho vore leiar for Frivillighets-

sentralen i Hå. Ho seier at arbeidet med frivillige var både interessant og givande.

Kvifor søkte du då stillinga som diakonvikar i Time?

Eg var komen til eit punkt då eg kjende at eg ville bruka andre sider av meg sjølv. Den åndelege dimensjonen betyr så mykje i livet mitt at eg lengta etter eit arbeid der eg også kunne nytta denne sterkare. Eg har kjent meir og meir at ein jobb etter mitt hjarta ligg innanfor menighetsarbeid. Då eg fekk tilbod om denne jobben, kjende eg stor glede over at nettopp eg skulle få arbeida med diakoni i Time. Eg trur at Gud har ein plan med alle menneske sine liv, og nå trur eg at dette vikariatet opnar eit nytt og interessant kapittel for meg yrkesmessig.

Kva er det viktigaste du kan tilføra det diakonale arbeidet i Time?

Først av alt er eg takksam for å bli ein del av det gode arbeidet som alt er her. Det er veldig viktig å støtta og motivera dei frivillige som er i teneste. Eg ynskjer at alle eg møter på min veg skal føla seg verdfulle. Så trur eg at Gud vil leia meg til menneske og samanhengar der han

ser det er behov. Som for alle handlar det om å ta seg tid og bry seg, og då må fokus vera å alltid tenkja på kva Jesus ville ha gjort.

Kva betyr mest for deg utanom arbeidet og det frivillige engasjementet i kyrkje og på bedehus?

Familien min med seks barn og fire barnebarn betyr aller mest. Song og musikk er også veldig viktig. For tida er eg med i ei gruppe som heiter Country Lights, og det er veldig kjekt. 30. oktober skal me ha konsert i Frøyland og Orstad kyrkje. Kom og høyr oss då, smiler Torild.

Velkomen til Time kyrkjelege fellesråd og tenesta her!

Olav Vegard
Søyland



Torild Egeland Reime er på plass på Time kyrkje-kontor. Ho skal i vel eit år vikariera for diakon Marit Høie Hetland. (Foto: Rogaland KRF)

Klar for nye konfirmantar



Tre Lye-ungdommer forteller hvorfor de konfirmerer seg

Søndag 18. september var det presentasjon av de nye Lye-konfirmantene. Under gudstjenesten på forsamlingshuset fikk de ferske konfirmantene hver sin bibel og en rose av kateket Ingfrid Time Nærland og ungdomsprest Ole Tørring. De har startet undervisningen nå i høst. På konfirmasjonsdagen 13. mai 2012 skal 25 ungdommer fra Lyefjell og 8 fra Vestly konfirmeres i Time kyrkje.

Vil lære mer om innholdet i Bibelen

Et nytt kull konfirmanter fra Lye og Vestly har startet forberedelsene til den store konfirmasjonsdagen. Her forteller tre av dem hvorfor de har valgt å konfirmere seg. I år er det 275 år siden konfirmasjon ble påbudt ved lov i Norge.

- Hva ser dere mest frem til under konfirmasjonstiden?

Gleder seg til weekend

Både Anders, Vibeke og Tore Martin gleder seg mest til weekenden og selve konfirmasjonsdagen. De ser alle tre frem til å lære mer om det som står i Bibelen. -Men jeg håper ikke det blir for mye teori, sier Anders. Og det hjertesukket vil kanskje kateket Ingfrid Time Nærland, ungdomsprest Ole Tørring og sokneprest Gunnar Frøyland merke seg. For det er dette trekløveret som har ansvaret for undervisningen. Samtidig er det flere frivillige ledere som bidrar til at neste vårs konfirmanter får en innholdsrik og matnyttig konfirmasjonstid.

Spennende opplegg

Ifølge kateketen er det lagt opp til varierte samlinger der tema som dåp, nattverd, gudstjeneste, bibel, bønn, døden, sex og forelskelse, budene, valgene, hvem jeg er, hvorfor Jesus, og tro og vitenskap



TORE MARTIN SERIGSTAD

VIBEKE SKRETTINGLAND

ANDERS ROMSBOTN

- Hvorfor har dere valgt konfirmasjon?

ANDERS ROMSBOTN:

- Vennene mine skal konfirmere seg, så da vil jeg også konfirmere meg. Så er det jo gavene konfirmasjonsdagen.

VIBEKE SKRETTINGLAND:

- Konfirmasjon er en tradisjon. Og når alle de andre konfirmerer seg, er det naturlig at jeg også er konfirmant. Konfirmasjonsdagen er også en grunn til dette valget.

TORE MARTIN SERIGSTAD:

- Tradisjonen spiller en stor rolle for meg. Dessuten er det lett å velge når alle andre gjør det. Konfirmasjonsdagen er også en av grunnene.

blir belyst. Konfirmantene skal også velge noe av opplegget selv, og kan delta både på KRIK-weekend til Bjerkreim i slutten av oktober, være med på KRIK fredagskvelden, være assistent på søndagsskolen og Juniorkro eller kirketjener-assistent i Time kyrkje. De skal også gå på fem gudstjenester som de velger selv.

Konfirmasjon 13. mai 2012

Foreløpig har ungdommene bare hatt noen få undervisningskvelder. Der starter opplegget med mat, så er det undervisning, smågrupper, felles andakt og avslutning. Søndag 13. mai 2012 er det klart for konfirmasjon for konfirmasjonskullet 2011-2012.

FAKTA

Ordet konfirmasjon kommer av det latinske *confirmare*, som betyr bestyrke eller bekrefte. I Den norske kirke har selve konfirmasjonen tradisjonelt vært en handling der den dømte bekreftet sin tro. Fra 1981 er konfirmasjonen en undervisningsperiode som avsluttes med forbønnshandling.

Familien Becker og jødene i Rogaland

Time Historie - og Ættesogelag og misjonsutvalget, Bryne sokneråd er sammen om ei tilstelning i Bryne kyrkje 29. november der Frode Sæland har foredrag om familien Becker og jødene i Rogaland. Se annonse side 12.



Herman Hirsch Becker og en eldre bror

Herman Hirsch Becker ble født 30. juli 1920 på Bryne. Foreldrene var russiske jøder som innvandret til Norge under første verdenskrig. Herman fikk en god oppvekst på Bryne og i Stavanger. Han utviklet seg til å bli en meget habil fiolinist. Etter middelskole og handelsgymnasium arbeidet han som ekspeditør i farens urmakerforretning. Hans framtidshåp ble stanset av krig og okkupasjon. Herman ble ikke et offer for jødeforfølgelsene, men gjorde et bevisst valg. I august 1941 flyktet han sammen med åtte unge menn til Storbritannia for å melde seg til tjeneste i flyvåpenet.

Med utgangspunkt i Hermans historie forteller Frode Sæland om familien Beckers tid på Bryne. Familien Becker var de eneste jødene på Jæren i mellomkrigstida. Hvordan kom familien til stasjonsbyen? Hvordan hadde familien det på Bryne i de ti årene de bodde her? Og i hvilken grad ble de integrert i lokalsamfunnet?

Med utgangspunkt i familien Becker gir Frode Sæland videre en oversikt over jødene i Rogaland i tiden før 1940. Da levde det 22 jøder i fylket. Med forgreininger til familien bosatt utenfor fylkesgrensen, var tallet 29. Hvem var de? Hvor levde de? Og hvordan rammet nazistenes jødeforfølgelser i 1942-43 denne lille, etniske minoriteten?

Han forteller en rørende historie om familiens skjebne under den tyske okkupasjonen. Historiene henger sammen. Fortellingen om Herman gir en inngang til historien om andre verdenskrig. Fortellingen om familien Becker gir en inngang til historien om de norske jødene, som ble så hardt rammet av nazistenes forsøk på å tilintetgjøre de europeiske jødene. Det er en historie om Holocaust i Norge – og i Europa. Det er den lille historien i den store historien.

Frode Sæland (f.1954) er cand.philol. med hovedfag i historie, og han arbeider som konservator i industrihistorie ved Norsk Bergverksmuseum i Kongsberg. "Herman Beckers krig" er hans første bok. Far til Frode Sæland kom fra Sæland i Hå. Mora er datter til Martin Salte som bodde i et hus som da stod på andre sida av den smale gata ved hotellet Grand.



Hilsen fra Nankai kirke

som var Bryne menighet sitt misjonsprosjekt i perioden 2002-2008

Welcome to
Nankai Lutheran Church!
南海ルーテル教会へ
ようこそ!



I år er det 50 år siden Kinki Evangelisk-Lutherske kirke ble selvstendig. Det skjedde ti år etter at Det Norske Misjonselskap og Frikirken startet arbeidet i Kinki-regionen i Japan. Japan er et land med store utfordringer for kirken. En svært liten del av befolkningen bekjenner seg til den kristne tro (ca 1%), tross ihrdig innsats både fra misjonærer og de lokale menigheter.

Naoki Sugioka er pastor i Nankai kirke i Osaka fylke. Arbeidet i denne menigheten, og også bygginga av ny kirke, har Bryne menighet støttet i seks år. Misjonsprosjektet var knyttet til NMS-misjonærene Terese Bue og Haakon Kessel sitt arbeid. For tre år siden ble det nye kirkebygget vigslet og tatt i bruk.

Haakon Kessel, som var misjonsprest i denne menigheten i mange år, ringer Naoki Sugioka for å få en stemningsrapport. *emb*

Hvordan fungerer den nye kirka i lokalmiljøet?

Det er en flott og funksjonell bygning. I forhold til den gamle plasseringen er denne mye mer tilgjengelig. Kirka er nå en akseptert del av miljøet. Men viktigere enn selve bygget er hva som skjer inni det. I tillegg til gudstenesten prøver vi å nå nye gjennom å invitere naboer og ha aktiviteter mange kan delta i.

Som for eksempel? Vi har barnearbeid, film-klubb, kokeklubb, åpen og gratis! kafé, handicraft. Av og til har vi utstillinger. Den siste var med dokker.

Dokker?

Hiroko, Naokis kone, lager dokker og bruker disse aktivt for å forkynne Bibelens budskap.

Hva gleder du deg over for tiden?

At åtte nye personer kommer til kirka som søkende. Fire av disse går til undervisning og ønsker å bli døpt. Det gleder jeg meg veldig over.

Er det noe vi kan være med å be for?

Ja, be om at det må komme flere familier til kirka. Det gjelder generelt for Kinki og Japan. Vi skulle gjerne sett en sterkere ettervekst av unge og middelaldrende i en kirke hvor gjennomsnittsalderen stadig stiger. Vi opplever en utfordrende tid på mange måter. Det er viktig at vi mer enn noe annet må være motivert av Guds nåde. (se gjerne www.nankaichurch.com/)

v/Haakon Kessel



Pastor Naoki Sugioka i kirkedøra



NMS Gjenbruk på Bryne


Saronsbrotet 3, 4340 Bryne
Tlf. 951 06 028



Opningstider:

mandag/fredag kl. 10.00 - 17.00
lørdag kl. 11.00 - 15.00

**VARELEVERING MED MEINING
HANDEL MED MEINING**



Synnøve Høyvik og
Runa Aarrestad



Nokre av ungdomane i Ukuf – f.v.: Anja Ree Fosse, Eirik Taksdal, Jarle Kartevoll, leiar i Ukuf-styret, Anita Rosland Risa, Jan Ingve Tjåland, Stian Sikveland og Kjetil Taksdal.

I teneste på Undheim

Lat oss presentera to blide jenter: Synnøve Høyvik, 20 år frå Tysvær og Runa Aarrestad, 20 år frå Undheim! I fjor gjekk dei i lag på KRIK-linja på Bildøy bibelskule i Bergen. Dette året tek dei 2. året på T2-linja der. T2 står for Teneste2, og har bakgrunn i at Jesus først og fremst sende ut to og to læresveinar i teneste, ikkje ein og ein. Dette året skal dei fordjupa seg i barne- og ungdomsarbeid, og få ny kunnskap og nye erfaringar i å vera leiar, formidlar og rettleiar. Studiet er ein kombinasjon av 15 veker teori på skulen og 22 veker i praksis. Og det er praksisdelen dei har i lag i Ukuf – Undheimkyrkja sitt ungdomsarbeid.

Runa og Synnøve brenn sterkt for at fleire og fleire ungdomar skal verta kjende med kven Jesus er, ta imot Han, få eit personleg forhold til Han og fylgja Han! Nettopp fordi Jesus er einaste vegen til fellesskap med Gud, og fordi Han kan forandra liv og gje oss eit evig liv til slutt – som ikkje tek slutt!

Kva gjer de på om dagane? Går ikkje Undheims-ungdomane stort sett på skule?

Hehe, jau, dei gjer jo det! Så difor vert det så klart mykje ettermiddag-/kvelds- og helgearbeid. Dagane nyttar me til planlegging og organisering, lesing, studie og oppgåveskriving. Tida fyk – og me trivst kjempegodt!

Kvar dag i veka, utanom torsdag, skjer det eit eller anna i Ukuf-regi – alt frå "itte skuletid", dans, drama, band, huskyrkje, styremøte, KRIK - og ikkje minst annankvar lørdagskveld som er Ukuf si storsamling. Elles skal me vera med i litt andre ting – som konf.undervisninga og litt "Størst av alt".

Kan de seia litt meir om noko de trivst med i tenesta?

Alt! Heile jobben er spanande og interessant! Det å verta kjend med flott ungdom, få ta del i kvardagslivet deira, og det å oppleva at det betyr noko at me er der for dei og med dei. Kjempekjekt å snakka med dei. Mange er veldig opne og nysgjerrige og har mange viktige og gode tankar og spørsmål. Me vart veldig fort glad i dei alle saman, og ynskjer å vera ein positiv del i livet deira den stunda me jobbar her, slik dei er i våre liv. Ein annan spanande ting er at me opplever at det er her Gud vil at me skal vera dette året. Alt har lagt seg så godt tilrette. Det er ganske stilig!

Møter de utfordringar?

Å ja, me har jo aldri gjort dette så "seriøst" før, og det å vera undervegs og sprengja nokre trygge grenser, er utfordrande i seg sjølv. Meir konkret kan me seia at spenninga mellom det å vera leiar for ungdomane, samstundes som me byggjer venenskap med dei, kan vera utfordrande.

Har de nokre mål for dette året?

Jadå, at me for eigen del skal stola endå meir på Gud og våga å fylgja Hans plan for oss. Og så håpar, trur og ber me om at fleire ungdomar skal bli kjende med Gud og få eit personleg forhold til Han. Mottoet på T2 er "Så fleire får leva", og det er noko me prøver å ta med oss og som alltid ligg bak i tankane våre.

Då seier me takk for praten denne gongen – må Gud velsigne dåkke og alt de er med på vidare!

Hanne Brit Sandsmark

Laurdagstreff på Fotland

- Me ivrar for at ungdommen skal ha eit kristent miljø på laurdagskveldane, fortel Wenche Haaland Haavardsholm til Helgedagen. Saman med mannen Torbjørn har ho tatt initiativ til eit nytt ungdomstilbod på Fotland. Tidligere var det eit blomstrande ungdomsmiljø i bygda, men dei siste åra har det vore lite aktivitet. Dette har nå endra seg etter at ekteparet Haavardsholm i fjor starta Ungdomstreffen. Der er det fokus på kristne verdier, med song, musikk og undervisning. I tillegg er det alltid noko å ete, og gjerne snop. Programmet er forskjellig frå gong til gong, og det blir lagt vekt på at tilbodet skal vere inkluderande, rusfritt og ikkje minst moro for dei som er der.

Wenche fortel at det har vore ein stabil gjeng med frå starten i fjor og at oppslutnaden er aukande. Også ungdom som ikkje bur i kommunen kjem til samlingane, noko initiativtakarane sjølv sagt synes er kjekt. Det er heller ikkje berre ungdomen som er glade for å ha fått eit nytt alternativ på laurdagskveldane, også foreldre har rosa tilbodet. Nå håpar Wenche og Torbjørn at Ungdomstreffen skal verte godt etablert, og at det skal bety noko positivt i livet til dei unge. Alle er velkomne uansett bakgrunn.

RT

Anna kvar laurdag kjem unge frå 8. klasse og oppover saman på Fotland bedehus. Det nye til tilbodet, kalla Ungdomstreffen, er blitt godt mottatt.



Wenche og Torbjørn Haavardsholm har gått i bresjen for kristent ungdomstilbod på laurdagskveldar



Ny giv for ungdomsarbeidet på Fotland bedehus





Open kyrkje Laurdag 5. nov.

Velkomen til
Allehelgensprogram
i Time kyrkje

Kyrkja er open
kl. 11.00-14.00
Program i kyrkjesalen
kl. 12.00-13.00

Dagen før Allehelgenssøndag er mange på kyrkjegarden for å minnst sine næraste som har gått bort. Derfor vert kyrkja open denne dagen. Alle som ønskjer det kan få sitja ned i ro og til ettertanke. Vi er tilgjengelege for samtale.

Ord og tonar til håp og trøyst

Kl.12.00-13.00 vert det program med musikk, dikt og skriftlesing i kyrkjerommet ved organist Per Olav Egeland og klokkar Leif Andenes.

Tenn eit lys

På Kyrkjetorget, dvs. tilbygget til kyrkja, vil vi ha varmestove med kaffi og noko attåt. Ved eit bord kan du tenna lys til minne om den/dei du har mista. Vi legg også fram litteratur som kan vera til hjelp.

*Diakonane og
Time diakoniutval*



Santal- klubben

har basar på Saron
laurdag 22.oktober kl.16.00

Andakt v/Jorunn Marie Hauge
Santalklubbjentene deltek
Åresalg
Matpause
Velkommen!!

*Arr.: Santalklubben Bryne/
Normisjon*

Hauftfest for alle over 60



**Sundag 30. oktober blir det
hauftfest i Bryne kyrkje kl 15.30**

Program:
Andakt - Bruno Jacobsen
Song - Frimenn
Kåseri - Arthur Løvik
Allsong, god mat, kaffi og tid til drøs
Ta kontakt med kyrkjekontoret tlf
51770377 dersom du treng skys
Hjarteleg velkomen
Arr: Bryne Diakoniutval

Time Historie- og Ættesogelag

Jødane sin situasjon på Bryne under krigen



**Tysdag 29. november
kl 19.00 i Bryne kyrkje**

Foredrag av Frode Sæland
Frimenn syng
Paul Odland frå Den Norske
Israelsmisjon fortel om kvifor han
som misjonsmann er oppteken av
jødane sin kultur og historie, og om
antisemittisme

Det blir høve å koma med spørsmål

Mat/kaffi

*Time Historie- og Ættesogelag
misjonsutvalet, Bryne sokneråd*

LAURDAG 22. OKTOBER I BRYNE KYRKJE OG PÅ M44 HØYR TEKSTAR FRÅ BIBELEN

Med lansering av Bibelselskapet sin nye bibel skal det vera kontinuerleg bibel-lesing i Bryne kyrkje og på M44, 2.etasje. Du kan setja deg stille ned ei stund for å høyra tekstar frå Bibelen.

Bryne kyrkje kl.07.00-10.00
M 44 kl.10.00 Opning og innslag v/Sigurd Idland frå Lye
M 44 kl.10.00-18.00
Bryne kyrkje kl.18.00-19.00 Internasjonal deltaking
Lesing frå Bibelen på forskjellige språk

Bryne kyrkje kl.18.00-21.00

Bryne kyrkje kl.21.00-22.00 Avslutning av markeringa
Bibelvers i ord og tonar
Ingvar Fløisvik m. fleire.
Sigurd Idland framfører bibeltekstar utanåt.

TORS DAGSTREFF



i Bryne kyrkje (Peisestova)
10. november
kl. 14.00-16.00

Olav og Eli Eikeland blir med.
Tema: "Det du festar blikket på,
gjev du kraft".
Songstund - Matøkt og prat -
Andakt

Alle er velkomne!

Velkomen til "Sundagstreff"



hausten 2011
Sundag 6. november
og 11. desember

Kl 18:00: Song, ringleik, kaffi og drøs
i peisestova i Bryne kyrkje

Kl 19:00: Ei enkel gudsteneste i
kyrkjesalen. Arrangementet er ope for
alle og tilrettelagt for menneske med
utviklingshemming. **Hjarteleg velkomen!**



M-Aks klubben PÅ SARON HAUSTEN 2011

**Eit tilbod for deg som går i første
klasse og oppover**

Tysdagar kl. 17.30-19.00
Aktivitatar kvar veke er: sløyd (pussing,
snekring, lagar ulike ting i tre etter
teikning, eller etter fantasien)
Somme tysdagar er der i tillegg
formingsgruppe, der ein held på med
ulike formingsaktivitatar. Kom og sjå
korleis me har det!

Misjonssambandet



AKTIVITETEN PÅ SARON HAUSTEN 2011

Torsdagar kl. 19.00 – 21.00
Fra 6. klasse annankvar torsdag
20. okt., 3. nov., 17. nov.,
1. des.

Modellflybygging og simulator
bil, elektro og brain box byggesett
Mopedmotor
Pizza
Velkommen

Misjonssambandet



"BYGGE-KLOSSEN" SMÅBORNS-TREFF

for heimeverande med
små born

Onsdagar i oddetalsveker
kl. 10-12 i peisestova i Bryne
kyrkje:

Byggekllossen er ei uformell samling
for dei som er heime på dagtid med
born mellom 0-5 år.
Ungane leikar medan dei vaksne
pratar og blir kjende.

Datoar hausten 2011: august
26. oktober, 9. november,
23. november, 7. desember

Program:

- Musikkksamling med organist
Per Olav Egeland kl 10.15
- Ta med matpakke. Vi et lunsj
saman etter at vi har sunge og spelt
- Vi har kaffi, te og vatn til alle
- 10 kroner pr. gong pr. vaksen uan-
sett kor mange born du har med.
Har du leiker som Byggekllossen kan
bruka, er vi takksame for det.
For spørsmål ta kontakt med
kyrkjekontoret på tlf. 51770377
eller send e-post til diakon@time-
kyrkja.no

Alle er hjarteleg velkomne!



Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider

Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

*Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13,8.*

Å VERA MED PÅ

AKTIVITETAR FOR LYE FORSAMLINGSHUS



Sjå også gudstenestelista på siste side.

21. okt. (22:00 - 00:00)	Fredagskveld
24. okt. (13:00 - 15:00)	Størst av alt
26. okt. (18:00 - 21:00)	Konfirmantundervisning- hele huset
28. okt. (18:00 - 00:00)	Fredagskveld KRIK weekend
31. okt. (13:00 - 15:00)	Størst av alt
02. nov. (19:30 - 21:00)	Møte NMS
04. nov. (22:00 - 00:00)	Fredagskveld
05. nov. (19:00 - 22:00)	Forsamlingsfest
07. nov. (13:00 - 15:00)	Størst av alt
09. nov. (18:00 - 21:00)	Konfirmantundervisning- hele huset
11. nov. (22:00 - 00:00)	Fredagskveld
12. nov. (12:00 - 18:00)	Forsamlingshusbasaren
16. nov. (19:30 - 21:00)	Møte NLM
18. nov. (22:00 - 00:00)	Fredagskveld
23. nov. (20:00 - 21:15)	Et annertledes møte
25. nov. (22:00 - 00:00)	Fredagskveld
30. nov. (20:00 - 22:00)	Møte IMF
02. des. (22:00 - 00:00)	Fredagskveld
07. des. (19:30 - 21:00)	Møte NMS
09. des. (22:00 - 00:00)	Fredagskveld
14. des. (19:30 - 21:00)	Møte NLM
16. des. (22:00 - 00:00)	Fredagskveld Nissefest

MØTE FOTLAND BEDEHUS



OKTOBER		NOVEMBER	
Fre. 14	Møte Sjømansmisj.	Man. 7	Bønnemøte
Lør. 15	Møte Sjømansmisj.	Søn. 13	Søndagsskule
Søn. 16	Møte Sjømansmisj.	Man. 14	Guttelag
Lør. 22.	Ungdomstreff	Lør. 19	Ungdomstreff
Man. 24.	Bønnemøte	Man. 21	Bønnemøte
Tys. 25.	Forening NMS	Ons. 23	Møte Imf
Ons. 26 - 30.	Fellesmøtene	Tor. 24	Møte Imf
Søn. 30.	Søndagsskule	Fre. 25	Advendstund for heile familien
Man. 31.	Guttelag	Søn. 2	Søndagsskule
		Man. 28	Guttelag
		Tys. 29	Advendsfest NMS
DESEMBER			
Fre. 2	Avholdslaget		
Lør. 3	Julemøte		
Man. 5	Bønnemøte		
Fre. 9	Julemessa NLM		
Lør. 10	Julemessa NLM		
Søn. 11	Søndagsskule		

FRELSESARMÉEN BRYNE



OKTOBER

Søndag 16. kl. 11.00	Familiemøte – Ingeborg og Geir Ådne Vestvik
Torsdag 20. kl. 14.30	Over de 60 – Besøk av majorene Anne Beth og Leif-Erling Fagermo
kl. 19.00	Åpent hus – Kafé William
Fredag 21. kl. 19.00	Sang- og musikk møte – Majorene Anne Beth og Leif-Erling Fagermo
	Kveldsmat
Lørdag 22. kl. 19.00	Høstfest – Soldatene arrangerer Majorene Anne Beth og Leif-Erling Fagermo
Søndag 23. kl. 11.00	Gudstjeneste og søndagsskole Majorene Anne Beth og Leif-Erling Fagermo
Søndag 30. kl. 11.00	Gudstjeneste og søndagsskole – Oberst Erling Mæland

NOVEMBER

Søndag 6. kl. 11.00	Gudstjeneste og søndagsskole – Kari og Solveig
Søndag 13. kl. 11.00	Gudstjeneste og søndagsskole – Majorene Anne Karin og Hans Johnny Nielsen
Søndag 20. kl. 11.00	Supersøndag – Ingeborg og Geir Ådne Vestvik
Torsdag 24. kl. 14.30	Aktiviteter og middag etter gudstjenesten
kl. 19.00	Over de 60
Søndag 27. kl. 18.00	Åpent hus – Kafé William
	Adventsstund

DESEMBER

Søndag 4. kl. 16.00	Adventsstund – Majorene Anne Karin og Hans Johnny Nielsen
Søndag 11. kl. 16.00	Adventsstund – Oberstl. Grethe og Odd Berg
Søndag 18. kl. 16.00	Vi synger julen inn – Ingeborg og Geir Ådne Vestvik

Se ellers **Jærbladet** eller **www.frelsesarmeen.no/bryne** for oppdatert program

Å VERA MED PÅ

SAMLIVSKURS PÅ HOLMAVATN MED OVERNATTING

Laurdag 4. februar kl 10.00 – søndag 5. februar kl 16.00

Vi inviterer både til "To på same kurs" (kurs 1), og til **"Eit annleis språkkurs"** (kurs 2) som er for dei som allereie har tatt kurs 1. Kursa går parallelt. Time, Hå og Klepp prestegjeld har gått saman om å arrangera samlivskursa.

Kven er kursa for? For alle par same kor lenge dei har halde saman

Kva får ein igjen for å vere med?

- styrka evne til å forstå
- styrka evne til å leve med at ein er ulike
- styrka evne til å snakke saman

Dette er kurs for alminnelege par med alminnelege utfordringar, og som ønskjer å styrke samlivet for å få det enda betre saman. **CODE SAMLIV KAN ALLTID BLI BETRE!**

"To på same kurs" har fire tema:

- Å snakke saman er meir enn å snakke
- Min heim - Din heim - Vår heim
- Seksualiteten i ekteskapet
- Respekten i samlivet

"Et annleis språkkurs" har fokus på:

Kjærleiksspråk. Kurset gjer ein bevisst på eins eige og partnaren sitt kjærleiksspråk for å leggje grunnlag for betre forståing for kvarandre i samlivet. Kurset kostar kr 1500 pr par, og det inkluderer overnatting, kursmateriell og mat. Påmeldingsfrist er seinast 18. januar, men dei først påmeldte får plass dersom det blir fullt.

For påmelding eller meir informasjon:

ta kontakt med Time kyrkjekontor, tlf: 51 77 03 77 eller e-post: diakon@time-kyrkja.no

Gje nokon eit gavekort på samlivskurs:

Er det vanskeleg å finna på kva du skal gje i presang til borna eller barneborna? Eller nokon andre du er glad i? Kanskje du treng ei meningsfull forlovgåve i eit bryllaup? Eller har du lyst til å gje foreldra til t barnet du skal vera fadder for ei gåve? **Her er eit supertips, ei gåve som investerar i framtida:** Kva med å gje eit gavekort på samlivskurs? Gåvekortet kostar kr. 1500,- og inkluderer kost, losji og kursmateriell til weekendkurset på Holmavatn laurdag og søndag, 4-5. februar 2012. Gåvekortet kan kjøpast på kyrkjekontoret tlf: 51 77 03 77 eller e-post: diakon@time-kyrkja.no



Bryne 9:13

Forskjellige aktivitetar, andakt og kaféfor 4. - 7. klassetrinn i Bryne kyrkje kl. 17.30-19.30 27. okt., 10. nov., 24. nov., 8. des.

FreteX Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne Tlf. 51 48 56 50
www.freteX.no . Opningstider:
man/fre kl. 10.00 - 18.00 lørdag kl. 10.00 - 15.00



FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden



Et sted for frihet og forandring

Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: fermaterogaland@emmaus.no
Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes
www.fermaterogaland.no



Hus for norske forhold



SAGABO
HUS FOR NORSKE FORHOLD

Jernbanegaten 9, 4340 Bryne
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no



Undheim Handelslag

3%	4%	5%	6%	7%
Pris 10 000,-	Pris 12 000,-	Pris 14 000,-	Pris 16 000,-	Pris 18 000,-



Jær Tannlegene
Heidi Bøe Honningsvåg | Christian Ø. Hjulstad

Jaertannlegene.no | 51484800



TIME SPAREBANK
- for Jæren

Selge bolig på Jæren?

Ring tlf. 51 77 80 00
www.terra.no

TERRA
EIENDOMSMEGLING



Kære Lende

Jærvegen 142, Bryne • www.kare-lende.no
Tlf. 51 77 00 90 • Mob. 932 56 450



SpareBank 1
SR-BANK



EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN



Johansen Elektriske as

Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01



coop obs!
HYPERMARKED



VB
VARME & BAD



Bryne Rør AS

Skulegata 9 • 4340 Bryne



Håland Kjøtt
KVALITET OG KUNNSKAP

Kleppe Tlf: 51 78 69 50
Bryne Tlf: 51 48 16 33
Sandnes Tlf: 51 67 30 50



WACO

Forsikringsmegling as



EL-TEAM
Elektroentreprenør

Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net



Lauritz Aarsland
Tannlege

Vil du gi en gave til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no



Høst-tilbud

Kun kr 400,- ut dette året og hele 2012 (Full pris kr 380,-)
Send navn og adresse til: 40 40 60 26

Mot "hele" verden gjennom **misjon i tidende**



Den Norske Israelsmisjon

Sjekk ut vår nye nettside!

www.israelsmisjonen.no



Murmester Heskje AS
Hålandsveien 24, P.b. 270
4340 BRYNE
Tlf 51 77 19 80
Fax 51 77 19 81



Sjekk Punkt
BILVERKSTED

www.sjekkpunkt.no
4000 6447
LYE BIL AS



Kverneland Bil
Vi tar ansvar!

Eskervegen 7, 4340 Bryne • Tlf. 51 77 82 82



PERSIENNER
LAMELLGARDINER
RULLEGARDINER
PLISSÉGARDINER
SCREENDUK
MARKISER

Tlf. 473 59 935 - per.hareland@lyse.net

Jærsol as

GRATIS MÅLTAKING Kirsch REX TUNDR

www.jaersol.no



Varmepumper
ACsenteret gir deg gratis befaring, stort utvalg og god service

Gratis befaring? SMS med AC til 1963

www.acsenteret.no
Beimyra 14, Bryne/Håland
Tlf: 51 77 78 70

ACsenteret



STEINSLAND & CO



TEAM BYGG



JENS GERLACH SØRENSEN A-S



JÆREN HOTELL



MØBELRINGEN

I. Bjørnsen A/S
Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20



HELLVIK HUS

Bygg med glede!
www.hellvikhus.no

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as

Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11.
DØGNSERVICE 971 78 180



B&M
Bok&Media

Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26



JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN



Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK

Motehuset Bryne Torg
Storgata 10-12 - 4340 BRYNE
Tlf. 51486520



[tsjili]

Få Norges største misjonsblad gratis i postkassen. Send e-post til tsjili@misjonsalliansen.no eller ring 22 94 26 00.



Bryne Begravelsesbyrå

Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd

www.brynebyrraa.no
Reeveien 34, 4340 Bryne
Døgnvakt



KROGEDAL
begravelsesbyrå

DØGNVAKT
51972900

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny A. Skretting
Brikt Goa og Oddbjørn Folde
Kontor: Bryne og Sandnes

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER

Ny hjemmeside:
www.krogedal.no



BLI FADDER!

www.misjonsalliansen.no
22 94 26 00 misjonsalliansen



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

28.08.11:

Tormod Vetrhus,
Marvin Hustoft Flataukan,
Lauritz Hustoft Flataukan,
Lise Frøyland, Siri Frøyland,
Linea Jørgensen,
Tomine Lende

11.09.11:

Miriam Erga Reiestad,
Oliver Ellingsen,
Simen Stangeland Horpestad,
Baste Fuglestad

TIME KYRKJE

28.08.11:

Live Undheim

11.09.11:

Lerke Helland,
Robin Michal Myklebust Thue,
Ludvig Liland-Vik,
Kasper Danielsen

24.09.11:

Tom-Sandr Undheim,
Thor Bloch Breiland,
Maja Almås Gustafsson,
Hans-Elias Haugstad,
Aksel Nesse

25.09.11:

Emil Bransvik Rønning,
Oline Skåland,
Nikolai Ueland,
Susanne Bransvik

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

31.07.11:

Eik Riskedal, Vanse kyrkje

11.09.11:

Eirik Sveinsvoll, Klepp kyrkje



VIGDE

27.08.11:

Maren Helene Auglend Vardøy og Jørn Lie

10.09.11:

Inger Marie Håland og Fredrik Stensland,
Renate Ersvik og Christoffer Værstad

17.09.11:

Siri Egeland og Jan Ove Ringstad



DØDE

Aage Mathias Olsen,
Eugenia (Zenia) Vaaland,
Klara Sofie Ur Fotland,
Terje Njål Tegle,
Liv Pedersen Aronsen,
Evy Hølland Husebø,
Anna Elisa Fjellheim

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

“Vi gjev” - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

SNART ER DET JUL IGJEN



Kjære lesar !

Dersom denne overskrifta forundrar deg no i oktober, så les vidare: Redaksjonen i Helgedagen trur at lesarane våre har juleminne, eldgamle eller ferske, de kunne dela med oss. Det kan vera ei oppleving, ein song, tankar, ein juletradisjon, eit dikt osv. som er spesielt for deg. Har du lyst å dela dette med andre, så skriv det ned eller ta kontakt med ein i redaksjonen. Nedst på side 2 finn du opplysningar om korleis du kan nå oss. Helgedagen nr. 6 kjem ut i desember og innleveringsfrist av stoff er 11. november. Velkommen til å dela med andre noko som fargar di julefeiring.

For redaksjonen
Else-Marie Bue



Julemesse i Bryne kyrkje

laurdag 26. november
kl. 11.00

Opning av salsmessa

Andakt ved Heidi Strand Harboe
Kulturskule elevar deltek
Sal av småkaker, handarbeid, dekorasjonar, mm
Opplegg for borna i kjellaren
Kafé med risgraut, lapskaus og kaker
Åresal

kl. 18.00 Familiefest

Tale av Jens Olav Mæland
Kulturskule-elevar, Ungkyrkja og Jærklang deltek
Opplegg for borna i kjellaren
Smørbrød og kaker
Åresal og hovudtrekning
Inntekta går til barne- og ungdomsarbeidet i Bryne kyrkje og misjonsprosjektet til Bryne kyrkjelyd, Den Norske Israelsmisjon
Det er mogleg å levera aktuelle varer på kyrjekontoret fram til fredag 25. november eller i kyrkja fredag 25. november kl 18.00 - 20.00

På førehand takk
Julemessekomitéen



Julemesse Undheim kapell laurdag 3. desember

kl 11.00 Opning

Andakt - Stein Ødegård
Musikk - Saksofongruppa
kl 13.30 Familiemøte
med åresal og hovudtrekning
Andakt - Marta D. Undheim
Song av barnekoret Agape frå Lye
Sal av handarbeid, småkaker, lefser, grav- og dørpynt, m.m.
Me tek imot «brukte» stearinlys til gjeving.
I kapellkjellaren sel me risgraut, kaker og kaffi.
Åresal: juledekorasjonar, kaker og fruktkorger

Vel møtt til julemesse!
NMS- foreningane i Time



Julemesse Fotland bedehus 9. - 10. desember

Talar: Wenche Lunde

Fredag kl 19.00:

Song av Aasta og Per Heien
Matsal, varesal og kveldstrekning

Laurdag kl 11.00:

Song av Judith og Harald Nærland
Sal av varer og mat
Lynutlodding av kransekaker

Laurdag kl. 14.00:

Familiemøte.
Song av Caroline og Ida Dirdal.
Barnebasar, åresal og hovudtrekning.

Velkommen til Fotland N.L.M.

Julemesse Saron 2. - 3. desember



Taler: Roald Evensen

Fredag 2. desember kl. 19.00: Sang og musikk møte

Riskakameratene og ImF Brass blir med
Åretrekning og matsal

Lørdag 3. desember

kl. 11.00: Møte. Kl. 11.30-13.30 Varesalg:

småkaker, gjærbakst, grønnsaker, egg, handarbeid, pyntegrønt m.m.

Matsalg: Suppe, grøt, smørbrød, kaker, kaffi og brus

Åresalg. Kransekakelotteri

Kl. 13.30 Familiemøte

Barnekor deltar. Hovedtrekning. Barneutlodning
Alle er velkomne!

ImF-Rogaland



Velkommen til gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl. 10.00

TIME KYRKJE:
Frode G. Fotland
51 48 71 11 - 90 74 84 03

Dorteia Haugland 51 48 70 04

Ring før kl. 09.30



Søndag 9. oktober

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Søndag 16. oktober

Bryne kyrkje	kl. 19.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Rosseland	kl. 11.00
Undheim	kl. 10.30

Søndag 23. oktober

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Søndag 30. oktober

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim	kl. 10.30

Søndag 6. november

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Bryne kyrkje	kl. 18.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Søndag 13. november

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 10.30

Søndag 20. november

Bryne kyrkje	kl. 19.00
Rosseland	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Søndag 27. november

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 10.30

Søndag 4. desember

Bryne kyrkje	kl. 18.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Søndag 11. desember

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Bryne kyrkje	kl. 18.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 10.30

Joh. 11, 17 – 27. 37 – 44

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng.
Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng.

Mark. 2, 18 - 28

Kveldsgudsteneste. Nattverd. Jærklang.
Gudsteneste. Dåp.
Gudsteneste.
Gudsteneste. Dåp.

Salme 73, 23 – 28

Familiegudsteneste. Dåp. Kyrkjelydsmøte.
Familiegudsteneste. Dåp. Utdeling av 4års bok.

Hebr. 3, 7 - 11

Skriftemålgudsteneste. Jungelgjeng.
Gudsteneste. Nattverd.
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule.

Matt. 5, 1 – 12

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng.
Søndagstreff. Arrangementet er tilrettelagt for
menneske med utviklingshemming.
Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng.

2. Mos. 3, 11 – 15

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng.
Gudsteneste. Dåp.
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule.

Matt. 25, 31 – 46

Kveldsgudsteneste. Nattverd.
Familiefokus. Nattverd.
Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng.

Luk. 4, 16 – 22a

Gudsteneste. Dåp og nattverd. Jungelgjeng.
Gudsteneste. Nattverd.
Familiegudsteneste. Dåp.

Luk. 21, 27 – 36

Lysmesse.
Familiegudsteneste.

Luk. 3, 7 – 18

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng.
Søndagstreff. Arrangementet er tilrettelagt
for menneske med utviklingshemming.
Gudsteneste. Dåp.
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule.